

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2023/206-65

**Saksbehandlar**

Anne Lise Næs

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2024/18	Plan teknikk og miljøutvalet	16.04.2024
2024/49	Kommunestyret	25.04.2024

## Fastsetting av planprogram med plangrense

### Detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen, PlanID 20230001

#### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad kommunestyre fastset planprogram datert 19.02.2024 med plangrense av 22.09.2023, for detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen, PlanID 20230001.

Dette i medhald av [plan- og bygningslova § 12-9](#) og jf. [§ 4-1](#).

Administrasjonen får fullmakt til å gjere mindre tekniske justeringar i planprogrammet etter endeleg fastsetting i kommunestyret.

#### Plan teknikk og miljøutvalet si behandling i møte den 16.04.2024:

##### BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteken.

##### INNSTILLING FRÅ PLAN, TEKNIKK OG MILJØUTVALET:

Kvinnherad kommunestyre fastset planprogram datert 19.02.2024 med plangrense av 22.09.2023, for detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen, PlanID 20230001.

Dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-9 og jf. § 4-1.

Administrasjonen får fullmakt til å gjere mindre tekniske justeringar i planprogrammet etter endeleg fastsetting i kommunestyret.

#### Kommunestyret si behandling i møte den 25.04.2024:

##### BEHANDLING:

Innstillinga frå plan, teknikk og miljøutvalet vart samrøystes vedteken.

## **VEDTAK:**

**Kvinnherad kommunestyre fastset planprogram datert 19.02.2024 med plangrense av 22.09.2023, for detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen, PlanID 20230001.**

**Dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-9 og jf. § 4-1.**

**Administrasjonen får fullmakt til å gjere mindre tekniske justeringar i planprogrammet etter endeleg fastsetting i kommunestyret.**

## **Vedlegg**

- 1 Planprogram Fv. 49-Nordrepollen-Austrepollen**
- 2 Merknadsbehandling planprogram**
- 3 Kommenterar til innspel etter kunngjering**
- 4 Plangrense 22.09.2023**

## **Samandrag/Saka gjeld:**

Styret i Jondalstunnelen AS sende i 2016 innspel til tidlegare Hordaland fylkeskommune om å nytte midlar frå bompengeprojektet Jondalstunnelen for å utbetre den skredfarlege strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen. Bakgrunnen for dette var at bompengeinntektene i projektet vart større enn forventa.

På grunnlag av dette, og dialog med dei dåverande kommunane Kvinnherad, Odda, Kvam og Jondal, vart det i regi av Hordaland fylkeskommune, gjennomført eit forprosjekt i 2018 for å vurdere aktuelle alternativ for utbetring av strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen. Forprosjektet vart gjennomført av Norconsult, og i rapporten er ulike tunnelløysingar vurdert.

Norconsult har vurdert 3 ulike tunellpåkogg ved Nordrepollen og sju ulike tunellpåkogg ved Austrepollen. Det beste påhogget i Nordrepollen er vurdert til å vere påkogg B, medan i Austrepollen er aktuelle påkogg J, E og F. Norconsult tilrår nærare grunnundersøkingar som kan gje betre grunnlag for endeleg val av trase.

Målet med planarbeidet er å regulere ny vegtrasé for fv. 49 mellom Nordrepollen og Austrepollen. Planprogrammet føreslår å gjennomføre konsekvensutgreiing for fleire aktuelle alternativ for å auka kunnskapen om desse. Etter at utgreiingsarbeidet er slutført, utarbeidast planforslag for alternativet som etter ei samla vurdering vert plukka ut.

Samstundes med dette arbeidet så er det gjennomført eit arbeid med konseptvalutgreiing (KVU) for E134 arm til Bergen. Arbeidet er no avslutta og rapporten med Statens vegvesen si tilråding er sendt til Samferdselsdepartementet. Rapporten skal gjennom ekstern kvalitetssikring (KS1) og ut på høyring, før avgjersle om konsept. Statens vegvesen har så langt vurdert konsept 1, der strekninga fv 49 Nordrepollen – Austrepollen er ein del av dette alternativet.

Vestland fylkeskommune har knytt til seg konsulentfirma Rambøll i arbeidet med planprogrammet.


## **Saksutgreiing:**

## Om planavgrensning og alternative trasear




Oversiktskartet viser grovt kvar planområdet ligg mellom Austrepollen og Nordrepollen.

Forslag til planområde dekkjer eit areal på 6933 daa, og kartutsnittet under viser planområdet si avgrensing:



Kartet under viser alternativa som Norconsult utgreidde i forprosjekt i 2018:



Norconsult har vurdert 3 ulike tunellpåklogg ved Nordrepollen og sju ulike tunellpåklogg ved Austrepollen. Etter siling av alternativ, vert det tilrådd ei vidare utgreiing av veglinje 1 og 6, der ein og tek med vurderingar av alternativ linje mot påklogg E for linje 1. Det beste påklogget i Nordrepollen er vurdert til å vere påklogg B. I Austrepollen er aktuelle påklogg J, E og F. Norconsult tilrådde nærare grunnundersøkingar som kan gje betre grunnlag for endeleg val mellom traseane.

### Om planprogrammet og utgreiingstema

Planprogrammet inneheld ei orientering om situasjonen i dag. Utfordringane er mange, men hovudfokuset er skredfare, og det er registrert om lag 84 skredhendingar mellom Nordrepollen og Austrepollen. Fleire har ført til stengt veg, medan omkøyingsmoglegheit ved stengt veg mellom Nordrepollen og Austrepollen er så langt som om lag 200 km.

Innanfor planområdet skal det planleggast for tunnel som utgjer om lag 3,5 km vegstrekning av fv49. Mogleg massedeponi i sjø eller på land for overskotsmassar skal òg greiast ut. Forskrift om konsekvensutgreiing set krav om å gjennomføre ei konsekvensutgreiing for reguleringsplanar som gjeld vegtiltak med ein investeringskostnad på over 750 mill. kr. Det vert vurdert at dette tiltaket kan komme opp i denne kostnadsramma, og at det dermed utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Tiltaket vert også vurdert til å kunne få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, og skal vurderast etter § 8, §10 og vedlegg II i forskrifta. Kapittel 11 i planprogrammet skildrar kva for utgreiingar som vert vurdert naudsynte for å gje eit godt avgjerdsgrunnlag.

Naudsynte tema er; landskapsbilete, naturmangfald, kulturarv, naturressursar, Friluftsliv, by- og bygdeliv. I tillegg til desse tema kjem andre utgreiingstema som er; transport og trafikk, massehandtering og risiko og sårbarheit.

Arbeidet vil skje i eit område som er utsett for skred. Forskrifta set krav om konsekvensutgreiing knytt til «risiko for alvorlege ulykker som ein følgje av naturfare.

Gjennom planarbeidet skal ein greie ut kva for konsekvensar dei ulike alternativa får. På bakgrunn av konsekvensutgreiinga vil ein avgjere kva for påklogg/linje som ein vil gå vidare med.

Standard skal avklarast gjennom vidare planarbeid. Det er aktuelt å ta høgde for framtidig høgare vegklasse knytt til avklaring om E134 arm til Bergen. Gjennom forprosjekt og prosjektering så langt er vegklasse HØ1 lagt til grunn for arbeidet.

#### Alternative linjer som skal konsekvensutgreiast:

- ✓ 0-alternativet inneber at situasjonen vil vere som i dag, med naudsynt vedlikehald på vegsystemet.
- ✓ Alternativ 1 - linja mellom påhogg B i Nordrepollen og påhogg F i Austrepollen.
- ✓ Alternativ 2 - linja mellom påhogg B i Nordrepollen og påhogg G/GI i Austrepollen.
- ✓ Alternativ 3 - linja mellom påhogg B i Nordrepollen og påhogg J i Austrepollen.

#### Mogeleg løysing for alternativ 1 i Austrepollen



#### Mogeleg løysing for alternativ 2 i Austrepollen



#### Mogeleg løysing for alternativ 3



Vidare skal det lagast ein samfunnsøkonomisk analyse basert på Statens vegvesen si handbok V712. Samla konsekvens for ikkje prissette tema skal lagast (etter gjevne kriteria), og tema er planlagt ført inn i tabell slik:

**Tabell 6-6 Samlet konsekvens for de ikke-prissatte temaene**

Tabell trinn 3	Referansealternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Landskapsbilde	0				
Fritidstiv / by- og bygdeltiv	0				
Kulturarv	0				
Naturmangfold	0				
Naturressurser	0				
Avveining					
<b>Samlet vurdering</b>	<b>0</b>				
Rangering					
Forklaring til rangering					

### Om planprosessen og medverknad

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort 20.02.2013 etter eit oppstartsmøte som vart halde 06.02.2023.

Frist for innspel vart sett til 31.april 2023, og det kom innspel frå 9 offentlege instansar og frå 2 private. (Begge innspela frå NVE ligg referert i same merknadsskjema vedlagt.)

Innspela handlar mellom anna om val av linjer og kva for linjealternativ som skal vere med i utgreiinga, samt om ulike sektorinteresser. Fleire innspel, mellom anna innspelet frå Kvinnherad kommune, handlar om at ein også bør utgreie alternativ J. Dette vart imøtekomme, og alternativet vert vurdert i konsekvensutgreiinga.

Planprogrammet vart behandla politisk av Plan-, teknikk, miljøutvalet 24.10.2023, og i samband med planprogrammet så vart plangrensa utvida med om lag 1000 daa i Austrepollen.

Planprogrammet vart sendt på høyring i tida 01.11.2023 - 18.12.2023.

Annonse vart sett i avisene Grenda 2. november og i Kvinnheringen 3. november.

Det kom då inn 13 merknadar til planprogrammet, 6 frå offentlege instansar, 2 frå lag og foreiningar og 5 frå private.


Innspel og merknadar kan lesast i sin heilskap på sak 2023/206 i [postlista til Kvinnherad kommune](#).

Kommunen avgjer no om planprogram skal fastsettast.

Forslagsstillar vil i det vidare leggje til rette for medverknad i tråd med krava gitt i plan- og bygningslova. Det vert lagt opp til vidare medverknad gjennom offentleg ettersyn av planforslag, truleg hausten 2024.

## Framdriftsplan og vidare planarbeid

Under følgjer ein forenkla figur av planprosessen:



Følgjande milepælar er sett opp for framdrifta:

Mnd/år	Milepæl-plan for planarbeid
Februar 2023	Varsel om oppstart/kunngjering av planarbeid utført 20. febr.-31. april
September 2023	Oversending av forslag til planprogram («kokebok for planarbeidet») frå Vestland fylkeskommune til Kvinnherad kommune for handsaming
Oktober 2023	Forslag til planprogram oppe til handsaming i Kvinnherad kommune, vedtak om utlegging til offentlig ettersyn
Nov-Des 2023	Offentleg ettersyn av planprogram
Des 2023-Jan 2024	Merknadshandsaming

Februar 2024	Oversending frå VLFK av ev. redigert planprogram til Formannskapet i Kvinnherad kommune
Februar/Mars 2024	Fastsett revidert planprogram av Kommunestyret i Kvinnherad kommune
August 2024	Oversending av planforslag frå VLFK til Kvinnherad kommune
Oktober 2024	Vedtak utlegging av forslag til reguleringsplan til offentlig ettersyn av Formannskapet i Kvinnherad kommune (1. gangs behandling)
Oktober/november 2024	Høyring/offentleg ettersyn av planforslag
November 2024	2. gangs behandling i formannskapet i Kvinnherad kommune
November/desember 2024	Vedtak av reguleringsplan av Kommunestyret i Kvinnherad kommune

Planprogrammet tek omsyn til statlege, regionale og kommunale føringar, og legg klare rammer for det vidare arbeidet. Dei viktigaste utfordringane er påpeikar og planprogrammet gjer greie for kva tema som må utdjupast. Forslaget vert lagt fram for Plan-, teknikk- og miljøutvalet i samsvar med delegeringsreglement.

Planprogrammet skal etter vedtak sendast på 6 vekers høyring og offentlig ettersyn. Eit delmål er at forslag til detaljregulering skal sendast til Kvinnherad kommune mai 2024.

#### **Økonomisk berekraft:**

Planarbeidet vil ikkje få direkte økonomiske følgjer for kommunen. Det har likevel vore eit tema om kva ulemper kommunen får som følgje av ny bomstasjon. Omfang av bompengefinansiering og plassering av bompengestasjon er ikkje endeleg avklara.

#### **Miljø og klima berekraft:**

Planarbeidet er eit trafiksikringstiltak, men skal så langt det er mogeleg byggje opp under nasjonale mål om klimavenleg og berekraftig utvikling.

Ein legg til rette for tryggare ferdsel for innbyggjarar i kommunen og for andre reisande.

#### **Sosial berekraft:**

Tunell frå Nordrepollen til Austrepollen vil kunne påverke kostnadane for dei reisande til og frå kommunen. Det er også sannsynleg at reisande mellom aust og vest i mindre grad vil reise gjennom Kvinnherad. Samstundes gjev det reisande frå Kvinnherad fleire moglegheiter, og særleg dei nordlege bygdene i kommunen vil kunne ha god nytte av raskare reiseveg mot Bergen via Jondal. Dersom ein vel å ikkje byggje den lengste tunellen, så vil inngrepa i Austrepollen verte betydelege, og samla sosial berekraft er difor vanskeleg å vurdere endeleg før ein har vedteke kva trase ein vil regulere for.

#### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Ålmenta og partar i saka vil bli involvert i planarbeidet i samsvar med reglane i plan og bygningslova. Medverknad med råka partar er viktig i plansaka, og det er viktig å få eit godt innblikk i situasjonen til grunneigarane som blir mest råka av planarbeidet.

#### **Konklusjon**

Etter vurdering av planprogrammet finn Kommunedirektøren at forslag til planprogram som ligg føre er godt.

Planprogrammet vert lagt fram for Plan-, teknikk- og miljøutvalet i samsvar med delegeringsreglement, og vidare til Kommunestyret for endeleg fastsetting.